

Saksprotokoll i Komité for oppvekst og utdanning - 09.12.2008

24/08 HØYRING - FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA

Vedtak:

1. Komite for oppvekst og utdanning støttar framlegget om plikt til forsterka opplæring i norsk/samiske og matematikk på 1.-4. årstrinn
2. Komite for oppvekst og utdanning støttar endringar i lovtekst om organisering av elevane i grupper – om sosialt tilhøyr.
3. Komite for oppvekst og utdanning støttar ikkje framlegget om plikt til utarbeiding av årleg rapport om tilstanden innanfor grunnopplæringa
4. Komite for oppvekst og utdanning støttar framlegg om lovfesta rett og plikt til fysisk aktivitet i grunnopplæringa med 2 timars utvida skuletid på mellomtrinnet, men med krav om pedagogisk personell.

Handsaming:

Det vart røysta punktvis som følgjer:

Pkt. 1 – Samrøystes vedteke.

Pkt. 2 – Samrøystes vedteke.

Pkt. 3 – Vedteke 6 mot 3 røyster (Nils Magne Blålid, SV – Trude Syltevik, H – Dag Vidar Nordhus, H)

Pkt. 4 – Samrøystes vedteke.

Jakob Bjelland, SP kom med følgjande endring i pkt. 2. i vedtak:

”Stryk ordet ikkje”

Samrøystes vedteke.

Hilde Irene Onarheim kom med følgjande tillegg til pkt. 4 i vedtak:

”Eller personar med særskild kompetanse”

Fall 2 mot 7 røyster (Nils Magne Blålid, SV – Trude Syltevik, H – Dag Vidar Nordhus, H, Jakob Bjelland, SP – Randi A. Nysæter, Krf – Christian Danmo, AP – Katrin I. Ankervold, AP)

Rett utskrift:

Randi Sveinsgjerd

møtesekretær